
Saksnr: 2020/37488-13
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti
Dato: 29.10.2020

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Selskapskontroll av Skyttel AS - handlingsplan

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune og kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune bestilte i møte 02.09.19 ein felles selskapskontroll av Ferde AS og Skyttel AS. Kontrollutvala i fylkeskommunane Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder vart invitert til å delta i selskapskontrollen. Rogaland takka ja til dette, medan Aust-Agder og Vest-Agder takka nei. Selskapskontrollen vart seinare delt opp i to, ein for Ferde AS og ein for Skyttel AS.

Basert på gjennomført selskapskontroll av Skyttel AS ber fylkestinget i PS 95/2020 fylkeskommunen sin eigarrepresentant bidra til at eigarane syter for å:

1. Vurdere korleis ein kan legge til rette for tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eventuelle eigarmøte.
2. Etablere ein felles eigarstrategi for Skyttel AS.
3. Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte.

Fylkestinget ber også (punkt fire) om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.11.20, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Ein slik handlingsplan vert lagt fram i dette notatet.

Tilråding	Tiltak	Ansvarleg	Status
Vurdere korleis ein kan legge til rette for tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte	I VLFK: 1. Fylkestinget har gjennom delegeringsreglementet peika ut fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren til faste eigarrepresentantar i selskapet, sjå reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5. Eigarrepresentanten skal også møte på eigarmøta, jf. Eigarskapsmeldinga punkt 2.4.2.	1. Fylkestinget 2. Eigarrepresentanten	1. Utført 2. Samordne med arbeidet med å etablere felles eigarstrategi

	2. Drøfte frist for varsling av møtedato, både når det gjeld generalforsamlingar og eigarmøte.		
Etablere ein felles eigarstrategi for Skyttel AS	1. Gjennomføre arbeidsmøte mellom administrasjonane i dei tre fylkeskommunane for å utarbeide utkast til felles eigarstrategi.	I VLFK: seksjon for juridiske tenester og avdeling for mobilitet og kollektiv.	Planlagt gjennomført i november-desember 2020.
	2. Gjennomføre eigarmøte mellom dei tre fylkeskommunane og selskapet.	Eigarrepresentanten + evt. administrativ deltaking	Planlagt gjennomført i januar 2021.
	3. Legge utkast til felles eigarstrategi fram for politisk handsaming i fylkeskommunane.	I VLFK: seksjon for juridiske tenester	Utkastet skal etter planen leggest fram for politisk handsaming i første kvartal 2021.
Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte	Utarbeide rutine for jamlege eigarmøte som ein del av den felles eigarstrategien.	Administrasjonen i fylkeskommunane og eigarrepresentantane.	Sjå tidsplan for etablering av felles eigarstrategi.